



FITJAR KYRKJEBLAD

NR 1 - FEBRUAR 2022
ÅRGANG 45





**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider vekedagar
kl 1000-1130 og 1230-1500

Kyrkjeverje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Roald Drønen 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Brit Kannelønning Olsen (vikar)
briols@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Wenche A. Helland 901 33 397

Leiar Diakoninemnd:

Annbjørge Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet/kyrkjebladet

(Skriv om du vil øymerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

Framsidedeilete:

Vestlandsvinter Foto: Randi Lønning Matre



Oppmoding frå biskopen:

Gå til gudsteneste!

Det vart ein underleg julaften for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kan- tar. Dersom vi ville samlast i kyr- kja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike til- standar ein gong til.



Roald Drønen

Etter visistasgudstenesta i Fitjar kyrkje 5. desember kom biskop Halvor Nordhaug i sitt foredrag med nokre viktig innspel til kyrkjelyden. Eitt av desse har eg lyst å knyta nokre tankar til.

Gå til gudsteneste:

- for din eigen del
- for å gje Gud ære

Redaksjonelt

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd
sitt informasjonsblad

Adresse:
Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 1. april til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 13. april. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

Som kristne er me **ein** stor søskenflokk i Guds verdsvide kyrkje. **Eitt** fellesskap av ulike menneske – ulike rase, ulike hudfarge, frå ulike kulturar. Gud har skapt oss alle til fellesskap med seg og med kvarandre. Kyrkja vert kalla Kristi kropp. Oppdraget er å vera alt det Jesus er og gjera alt det Jesus gjer.

Gudstenesta er (stor)fellesskapet av alle som trur på Gud og Han som Gud har sendt til oss; Jesus Kristus.

Det er litt over 100 000 søndagar (2000 år) sidan første pinsedag. Alle desse søndagane har kristne samlast til gudsteneste. Der møter me kvarandre, og saman kjem me fram for Gud.

Til gudsteneste går me for vår eigen del. Der får me møta Gud, og Han har lova å ta imot oss nett slik me er. Me får lov å leggja fram for Gud det som tyngjer og gjev oss vanskelege dagar, og Han tilgjev oss alt og gjev oss ein ny start. Det er godt. Når me er «på kyrkjeveg» er me også vitne for andre om at me ynskjer å høyra til i fellesskapen hos Gud.

Til gudsteneste går me også for å gje Gud ære. Me ærar Gud ved å lovsyngja saman salmar og songar. Me får ta del i englesongen som lydte over Betlehemsmarka:

«Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda hjå menneske som Gud har glede i».

Me får også be til Gud og seia fram truvedkjenninga til Faderen og Sonen og Den heilage Ande.

Ved mange store høve som til dømes julaftan, 17. mai, konfirmasjonsgudstenester m.m. er Fitjar kyrkje normalt fylt til trengsel. Det har vore svært vondt å setja grenser i denne koronatida, og mange av oss lengtar etter å møtast utan restriksjonar av noko slag og syngja:

*Deg å få skode er sæla å nå,
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;
ver du for tanken min dyraste skatt,
ljuset som strålar ved dag og ved natt.*

*Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,
tal du det levande ord med di røyst!
Far, lat meg vere barn her hjå deg.
Kom til meg, Herre, ja bu du i meg!*

*Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;
ver du det merke som syner mitt verd,
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!*

*Rikdom og ære, som menneske gjev,
er ikkje meir enn den morknande vev
Du er min arv som varer til sist,
himmelske konge, det veit eg for visst.*

*Konge i æva, å lat du meg då,
sigrande inn i ditt rike få gå!
Ver du mi tru, den vona eg ber
til eg får skode din herlegdom der.*

(Norsk salmebok nr. 482)



Ynskjesalmekveld

Det er lenge sidan me har samlast i Fitjar kyrkje for å syngja salmar frå salmeboka.

Me planlegg ein slik kveld igjen 17. mars. Då vil me syngja salmar som folk er glade i og gjerne har eit spesielt forhold til. Kantor Jan Overweg vil sitja klar på orgelkrakken og slå an tonen etter kvart som ynskja blir yttra.

Roald Drønen sluttar som sokneprest

Roald Drønen har sagt opp stillinga som sokneprest i Fitjar. Han har vore prest i Fitjar i tre periodar; tilsaman 12 år.

Han vil formelt stå i stillinga til 8. august, men det er planlagt avskilsgudstenete i Fitjar kyrkje søndag 12. juni (avskilsintervju i neste blad).



Den nye styraren i Bakken barnehage:

Serina Sørffonn

- Det er ein fin jobb, og eg opplever dette som veldig givande! seier Serina Sørffonn med eit smil. I august 2021 starta ho som styrar i Bakken barnehage. I dag tek ho i mot oss i barnehagen.

Helga Olsen Aadland

Arbeidsstaden er ikkje ny for henne. Etter at ho var ferdig utdanna førskulelærer i 2001, jobba ho nokre år i ein barnehage i Austevoll. Så fekk ho jobb i soknerådsbarnehagen i 2006. Då heldt dei til i Fitjar bedehus. Ho var med på oppstarten av barnehagen i Bakken, og har vore pedagogisk leiar i mange år. Og her trivst ho: -Me som jobbar her har det veldig kjekt saman. Det er ein allsidig gjeng med vaksne, der alle aldersgrupper er representert – frå 19-60 år. Alle med ulike kvalitetar utgjer til saman eit godt lag! Det er veldig viktig at me som vaksne trivst i lag og er trygge på kvarandre!

Serina er engasjert når ho snakkar om barnehagen, og det er tydeleg at ho brenn for å gje borna ein god kvardag. Sjølv om ho no nyttar mykje av tida på kontoret, er ho oppteken av å framleis ha god kontakt med borna. Det er òg viktig å bli godt kjent med nye foreldre, slik at ein kan få ein god kommunikasjon med heimane. Gode relasjonar er viktig i arbeidet.

Etter at Serina overtok som leiar, har det vorte nokre endringar i barnehagen. Ho har nytta litt andre digitale verktøy i kontorarbeidet, og har endra noko på organisering av diverse utstyr. Men identiteten til barnehagen skal vera den same. Barnehagen har utvida formålsparagraf. Kvar månad har dei ei bibelforteljing som dei jobbar med. Dei har framleis venskapsbarnehagen i Kairo, deltek på hausttakkefest og har venskapsfest kvart år.

Då Serina overtok jobben, hadde Torunn Aarskog vore styrar i mange år. I haust hadde Torunn ein seniorstilling. Slik vart det ein god overgang der Serina fekk god innføring i jobben. Serina har sett korleis Torunn har drive fram arbeidet med barnehagen, og personalet nominerte henne til næringsprisen 2021 i Fitjar: -Det er eit imponerende arbeid ho har lagt ned. Ho har bygd opp ei stor bedrift! Det er takke vere henne at barnehagen er så velfungerande, skryt Serina.



Denne hausten var det og nye styrarar i andre barnehagar i kommunen. -Det har vore godt å ha andre styrarar å samarbeida med. Så kan me sjå litt korleis andre jobbar, og få litt inspirasjon.

I tillegg er det fint å ha god kommunikasjon med både skulekontoret og kyrkjekontoret.

Ho omtaler barnehagen som allsidig. Dei nyttar seg av idrettsanlegget og skogen i Rossneset. Dei har gangavstand til blant anna bibliotek, Havnauset og kyrkja.

Barnehagen ligg ein kort spasertur frå heimen hennar i Rossneset. Der bur ho saman med mannen sin, Stian, og dei to ungdommane deira på 17 og 19 år. På fritida likar ho seg godt på hytta på Ivarsøy. Her jobbar dei med å pussa opp eit gammalt hus. Det går mange timar med, men det er kjekt å sjå kor fint det blir!

Den nye styraren viser stor glede og engasjement for arbeidet i barnehagen. Ho har gode planar for å halda fram med den gode utviklinga av barnehagen. Me ønskjer Serina lukke til med arbeidet!





Kyrkjeringen takkar for seg

Etter 41 års arbeid såg kyrkjeringen det no naturleg å leggja ned arbeidet. Høg alder og sviktande helse for dei fleste gjer at det vart tungt å driva vidare. Dette vart vedteke samrøystes på møte i kyrkjestova den 23. november.

Hildegunn Aadland

Det var dåverande sokneprest Tore Tangen som tok initiativ til denne kyrkjeringen (som avløyste den gamle). Dei som var med frå starten er: (Styret er som det var i starten)

Ellen Vestbøstad, leiar
Bjørn Vik, kasserar
Annlaug Rimmereid, skrivar
Solveig Rimmereid
Gullborg Gløppholm
Alvilda Dahle
Agnes Tangen
Tore Tangen

Kyrkjeringen har arbeidd for å gjera kyrkja vakker og tenleg. Dei mest synlege og dyre arbeida er vel biletvevteppet med Jesus i Getsemane og kyrkjetekstilane. Men me kan òg nemna salmebøker i 1985 og 2015, barnebøker, eit åkle (vove av Hilma Lønning) til dåpssakristiet, gravferdskappe til klokkaren og kyrkjegardskappe til prestane, lydanlegg (ikkje det siste), teleslyngje, ryggputer til benkene. Fram til for nokre år sidan pynta Haldis Abotnes med

blomar til kvar gudsteneste. Så lenge det blømde, plukka ho blomane frå eigen hage, - elles kunne ho kjøpa for kyrkjeringen sine pengar. Kyrkjeringen har kjøpt inn dåpsklutar. Dei er broderte på Madagaskar og vert gjevne til dåpsborna.

Det siste prosjektet me hadde, var oppussing av kyrkjestova. Me ytte ca. kr. 30.000,- til dette arbeidet. Det var mange som var med på dugnaden med å gjennomføra arbeidet. Det må vera på sin plass å nemna Anne Britt Tornes si rolle. Ho har m.a. teikna det heile og kalkulert kostnader.

Det meste av pengane er komne inn på samlingane våre. På 80- og 90-talet laga me til hyggjekveldar og samla inn pengar.

Me ynskjer at pengane som er att, skal gå til oppussing av sakristia. Det har òg lenge vore eit ynske om å få eit skikkeleg ljosanlegg.

Det har vore fleire medlemmer i ringen, nokre er avlidne, nokre har flytta. Dei som var med på slutten, er Ellen Vestbøstad, Bjørn Vik, Annlaug Rimmereid, Solveig Rimmereid, Anne Marie Røed, Borgny Vik, Eli Simonsen, Haldis Abotnes, Gunn Kvernenes, Anne Britt Tornes og underteikna.

Me har kjent på at arbeidet har vore viktig og meningsfullt, - og me vonar andre kan ta over noko av arbeidet.

Foto: Magne Røed





Open kyrkje - ei sterk og vakker oppleving

Torsdag kveld, 3. februar, vart det på ny arrangert «Open kyrkje» i Fitjar. Kyrkja var på ingen måte fullsett, men me var i alle fall minst like mange som dei som var samla då Jesus innstifta nattverden. Og som det var ei sterk og viktig samling den gongen, var det òg denne torsdagen – om enn noko annleis. Me vart tekne varmt og vart imot av venlege medlemmer av diakoninemnda. Inne i kyrkja var det varmt og lunt. Ei stund sat me stille og mediterte, reflekterte, lufta sagn og tap eller bad – slik det høvde for den enkelte. Det var høve til å tenna ljøs i lysgloben, og mange nytta seg av det.

Herman Inge Aadland

Ei stund av kvelden var så sett av til eit vart og stillferdig program. Tema for programmet var: «Frå mørke til lys». Dei som stod for dette var Lovise Vestbøstad og Anne Marie Røed. Den klokkeklare, vare røysta til Lovise rørte oss. Ikkje minst når ho song acapella vend mot forsamlinga: «Tenn lys» og «Jesus, det eneste». Det var tydeleg at ho ville oss noko godt til trøyst og oppmuntring. Det gjekk rett heim hos meg. Balsam.

Det same gjorde bibeltekstane og tankane Anne Marie gav oss. Dei var så velvalde, trøystande og styrkjande, utan å vera påtrengjande. Det starta i skapings saga då Gud tende det første lyset, heldt fram med vakre og sterke profetord og enda med Jesus som lyset for verda, livsens lys. Han kan lysa opp og skapa tru og framtidsvon på ein måte me ikkje kan.

Eg vil gjerne leggja inn eit godt ord for «Open kyrkje». Arrangementet krev ingen ting av oss, men er eit vakkert og trygt pusterom i kvardagen vår, korleis denne enn artar seg. Varm takk til diakoninemnda som har teke på seg denne oppgåva! Denne tenesta er gull verd.

**Bruk oss i Diakoninemnda,
då vert me glade.
Me er til for deg.**

Leiar i Diakoninemnda:
Annbjørg Stjern Tvedt (tlf 470 18 264)

Sokneprest:
Roald Drønen (tlf 950 76 635)



Foto: Roald Drønen





Diakoni på sykkel

«Diakoni er definert som kyrkja si omsorgsteneste. Det er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd». Stefanus, den første kristne marty, er i Apostelgjerningane nemnt som ein av dei sju diakonane i den første kyrkjelyden i Jerusalem. Det er no ca. 2000 år sidan.

Halvard Wiik

Diakoniarbeidet i Norge har sitt utgangspunkt i lekmannsbevegelsen som vaks fram i Hans Nilsen Hauge sine fotspor for knapt 200 år sidan. Etter kvart kom arbeidet inn i meir organiserte former. Det kjenner me m.a. igjen på at mange institusjonar i Norge har «diakoni», «diakonisse» eller «diakon» som ein del av namnet sitt. I dag er både kyrkje og ulike kristne organisasjonar engasjert i diakoniarbeid i ulike former.

Svært mykje av det praktiske diakoniarbeidet vert utført av «vanlege» folk – slik også i Fitjar. Kyrkja har eiga Diakoninemnd som organiserer arbeidet. Dei har knytt til seg frivillige medarbeidarar/besøksvener. Tek ein utgangspunkt i definisjonen som står innleiingsvis, er det nok punktet om «fellesskap» som står mest i fokus her hjå oss. Mange av dei som får besøk frå Diakoninemnda har pårørande, men det kan likevel vera kjekt å få besøk av nokon utanom næraste familien. Andre har hamna i ufrivillig einsemnd som følgje av å ha misst ein av sine kjære, av sjukdom, aldring eller andre omstende som livet fører med seg. Det er her Diakoninemnda ynskjer å vera til stades og bringa litt meir variasjon og glede inn i kvardagen til folk, og å visa at dei ikkje er gløymde. Dei som ynskjer det, kan få besøk eit par gongar i månaden. Kva innhald ein legg i besøket, bestemmer den som får besøk. Den gode samtalen er det alltid rom for. Alle besøksvener har teieplikt.

Nokon av dei som får besøk, likar å koma seg ut til fots eller kanskje på ein liten biltur. Å treffa folk og få prata litt er alltid triveleg. Andre likar best berre å sitja i ein god stol og drøsa om det som skjer i bygda. Gamaldags gjestfridom er heller ikkje gløymt. Det å kunna by ein besøkjande på kaffi og noko attåt er også stor stas for mange. Ofte viser det seg at den som besøkjer og den som får besøk, har felles interesser. Praten går vel aldri betre enn når to damer set i lag med ein varm kaffikopp og handarbeid. Mange av dei eldre er ofte reine oppkommer av



kunnskap om og erfaring frå farne tider, og dei fleste likar godt å fortelja. Det er eit privilegium å få del i dette.

Men eit diakonibesøk kan også ha heilt andre former. Kanskje nokon har sett ein trehjuls trøsykkel i fint driv. Framme sit Harald Rimmereid med hjelm på hovudet og beina i kryss og nyt både livet, utsikten og frisk luft. Bak set ein sveitt Halvard Wiik og trør, og er veldig glad for at han har hjelp av el.motor. Denne dagen går turen rundt Storavatnet. I brekka forbi Tørris Helland si løe og nedover blir farten på grensa av (kanskje over) det forsvarlege. «No e eg redd da går gale» ropar Halvard. «Da bryr ikkje eg meg om» ropar Harald heilt uanfakta attende. «Da e du so har ansvaret». Me susar forbi Karin Korsvik som står i hagen sin, og høyrer i forbifarten kor ho med store auga bryt ut: «Kasla parabelse va datta?». Ved Øvrebygda skule er det tid for ein sjokoladebit og drikka. Der nyt me den fantastiske utsikten mot Melen og fjelltoppane bakom. På heimturen, nett før me skal trilla ned mot sentrum, møter me Olav Rimmereid på sin køyredoring. Dei to karane får seg ein god nabodrøs etter gamalt. Så ber det nedover mot sentrum og attende til FBB. Inne på Harald sitt rom står eit flott bilde av tre staute ungdommar. Han i midten har laurbærkrans rundt halsen. Bildet er frå den dagen i 1959 då Harald vart Sunnhordlandsmeister på skeiser i juniorklassen. Stadion var Myrdalsvatnet i Rosendal. Det er eit kjært minne, og slikt kan vera utgangspunkt for mang ein god prat.

Som ein ser kan diakoni vera så mangt. I praksis er det å sjå menneska rundt seg, og å vera med på å gjera dagen litt lysare for dei som treng det. Mange i Fitjar gjer slikt heilt av seg sjølv, ofte utan tanke på at dei faktisk utfører ei sentral bibelsk oppgåve - dei praktiserer nestekjærleik. Ei felles erfaring frå alt frivillig omsorgsarbeid, organisert eller uorganisert, er at ein ofte får meir igjen enn ein gjev. Det er framleis sant at: Den største gleda du kan ha, det er å gjera andre glad.



Sofie Rimmereid:

Ingen forstyrerar meg i kyrkja

Mange ungdomar har jobb ved sidan av skule. Det er også tilfelle med Sofie Rimmereid (18 år). Ho har jobba i Fitjar kyrkja i nesten tre år, medan ho har gått på vidaregåande på Stord.

Roald Drønen

«Eg «arva» jobben etter storesystera mi,» fortel Sofie. «Då ho slutta, fekk eg spørsmål om eg kunne tenkja meg å overta. Det verka som ein grei jobb med fleksibel arbeidstid, når det gjeld vaskinga, som kan kombinerast med ei aktiv fritid.»

Det er ikkje berre reinhald og vasking av kyrkja kvar veke du har ansvar for?

«Nei, eg er kyrkjetenar ca. ein gong i månaden. Då gjer eg klar til gudstenesta, sørgjer for at kyrkjeklokkene kjem på, styrer lyd (og bilete ved familiegudstener) og ryddar etterpå.»

Eg er vel innom kyrkja eit par gonger i veka.»

Kva er det vanskelegaste du gjer? «Det er lett å svara på, seier Sofie. Det er å vaska kvite fliser!!».

Nokre vil kanskje tenkja at det er skummelt å vera i kyrkja åleine. Det synest ikkje Sofie. «Det er stille og roleg i kyrkja. Her kan eg jobba i fred og ro. Ingen forstyrerar meg.»

Har du likt jobben?

«Ja, eg synest det har vore ein svært kjekk jobb. Eg får jobba både sjølvstendig når eg vaskar, og saman med andre under gudstenesta.»

No er du snart ferdig med vidaregåande skule og skal vidare i livet. Kva er planen?

«Eg skal gjera førstegongstenesta i Luftforsvaret. Det blir jo noko heilt nytt.»

Me takkar Sofie for ein flott jobb i Fitjar kyrkje og ynskjer lukke til i «forsvaret».



ALT ER NÅDE

*Herre gjør meg våken for dine veier,
og la meg aldri ta din kjærlighet for gitt!*

*Den er evig som du, dypere enn døden,
større enn alt, mor til morgenrøden.
Men alt er bare nåde, ingen ting er bare mitt,
aldri en selvfølge, alt er nåde, alt er ditt.*

*Så åpne mine øyne, legg takken på min tunge,
la alle ører høre, la nådens gjenklang runge.
Et liv med åpne hender, i uskyld som en lilje,
danse dit du fører, og elske deg med vilje.
Søke dine veier, se dine spor i sanden,
motta alt som gave, fra DEG og ingen annen!*

Pål Kr. B. Helmersen



Piggtråd til åtvaring

stefanus
alliansen



Roald Drønen

Ved inngangen i Fitjar kyrkje var det sett opp eit stort banner for Stefanusalliansen. Lesepulten var «pynta» med piggtråd på ein raud bakgrunn. Dette var gjort som illustrasjon til tema gudstenesta «Messe for dei forfølgde» 30. januar. Stefanusalliansen har berre ei foreining, og den er i Fitjar. Foreininga består av berre kvinner og har nettopp hatt 50-årsjubileum. Gjennom alle desse åra har kvinner i Fitjar, saman med organisasjonen sentralt, vore trufaste i arbeidet for kampen for trusfridom. Dei støttar misjon i land der trusfridomen er avgrensa og styrker undertrykte kristne sinn rett til å leva ut og dela si tru. Dei kjempar også for alle menneske sin rett til å tru eller ikkje tru og for alle sin rett til å skifta tru. Stefanusalliansen har ikkje egne utsendingar, men har hyppig kontakt med lokale partnerar rundt om i verda.

Kvinnene i foreininga var med i planlegging og gjennomføring av gudstenesta. Daniel Hop-Hansen var utsending frå Oslo og var med som talar både i kyrkja og på Fitjar bedehus.



Sigrunn Eiken og Åshild Vestbøstad

Foto: Trygve Eiken

Ei stor takk til medlemmene i foreininga som var med og sette lys på den vanskelege situasjon mange av våre kristne sysken lever under i mange land.



Fasteaksjonen:

Eín drøpe vatn gjev håp i tørken

Alt Takondwa Phanga (26) tek i spirer og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins i Malawi.

Sjølv har han berre eitt mål og det er å dela raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan koma seg ut av fattigdom og svolt.

Ver med og støtt fasteaksjonen i Fitjar 5. april og gje håp til fleire!

Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.





Mi kyrkje!

Desse kyrkjene ser like ut, men leit etter den eine som er annleis enn dei andre!

Du kan gjerne fargelegge kyrkjene og!

Her er det plass for alle,
her er en åpen dør.
Her får du komme inn,
her er liv og godt humør.
Guds rike er for deg.
Her er ditt rette hjem,
Bibelen viser deg vei.



Visste du dette om kyrkja vår?

Fram til 1866 stod her ei steinkyrkje frå 1100 talet.

Den nye kyrkja vart innvia i 1867, og fleire gjenstandar frå den gamle kyrkja vart flytta inn i den nye, som døypefonten frå 1627-1629, ein messinglysestake frå 1600-talet og ein disk frå 1676-1699.

Kyrkja fekk ny altertavle, men den gamle frå 1721 heng på ein av sideveggane. I tillegg har kyrkja ein biletbibel frå 1890.

Kyrkja har to kyrkjeklokker, ei lita og ei stor. Den minste er frå den originale kyrkja frå middelalderen, mens den andre er støypt i Bergen i 1854 av J.F. Becker.

Steinplata som var alterbord gjennom middelalderen er montert i den noverande kyrkja sitt kassealter etter først å ha vore brukt som dørhelle ved norddøra.

Kjelde: Wikipedia

TRUSOPPLÆRING VÅREN 2022!!

«Med Jesus i båten»

Babysongkurs:

Samling på Fitjar bedehus annankvar tysdag kl.10:30 – 12:00.
Babyar (0-12 månader) saman med ein vaksen. Songstund, og nistelunsj saman etterpå.

Datoar: 8/2, 22/2, 8/3, 22/3, 5/4, 19/4 og 3/5

Småbarnssong:

Samling ein tysdag i månaden kl. 17:30 – 18:30. 1-4 åringar saman med ein vaksen. Songstund, bibelforteljing og nistekvelds.

Datoar: 15/2, 15/3, 26/4 og 10/5

Tårnagenthelg:

Utforsking og mysterieløysing på laurdag og familiegudsteneste med utdeling av bok på sundagen.

Datoar: 19/2 og 20/2

Påskesamling og Barabbas:

Samling torsdag ettermiddag kl. 17.00 for 6-åringar saman med ein vaksen. Song og bibelforteljing frå påsken, aktivitet og matbit.

Dato: 21/4 og 24/4

Båten:

Utesamling for 10- og 11-åringane med fokus på bibelforteljingar med båt og familiegudsteneste.

Datoar: 19/5 og 22/5

KRIK:

Ein landsomfattande organisasjon som ynskjer å skape idrettsglede, trusglede og livsglede. Samlast i FKIB fredagar kl. 19:30-20:30

Ten-treff:

Eit rusfritt tilbod på fredagskveldar for ungdom frå 8. klasse. Samling på fredagar kl. 21:00-23:00 – bli med i Facebook-gruppa «Fredagskveld på Fitjar»

Datoar for KRIK og Tentreff: 4/2, 11/2, 18/2, 25/2 11/3 18/3, 25/3, 8/4, 22/4, 29/4, 6/5, 13/5, 20/5, 3/6, 10/6 og 17/6

Konfirmantar:

Samling i kyrkja annankvar onsdag fordelt i gruppe A og B kl. 14:15 – 15:45:

A: 26/1, 9/2, 23/2, 23/3, 5/4, 20/4, 3/5, 4/5 og konfirmasjonsdag

B: 2/2, 16/2, 9/3, 30/3, 5/4, 27/4, 3/5, 4/5 og konfirmasjonsdag

«Vidare»:

Samling for ungdom i kyrkja ein tysdag i månaden kl. 19:30-21:00

Datoar: 8/2, 8/3, 29/3, 26/4



vidare



SONGKVELD

27. februar

kl. 19.00



m/John-Inge Rolfsnes

Arr: Fitjar Indremisjon

<http://www.fitjar-bedehus.no/> <https://www.facebook.com/FitjarBedehus/>

John-Inge Rolfsnes har lang erfaring innan lovsong, både som låtskrivar og som lovsongsleiar. Han har gitt ut eigen musikk i mange år, og du kan høyra songane hans på ulike strøymetenester for musikk.

I 2017 vart songen hans Tabu/Stigma kåra til årets Sunnhordlandslåt.

På songkvelden søndag 27. februar vil John-Inge syngja mange av songane sine og dela tankar/vitnemål. Det blir òg litt allsong.

Det vert ikkje inngongspengar, men mogleg å gje kollekt/gåve.

Me håpar du set av kvelden, og tek ein tur på Fitjar bedehus.

Søndag 27. februar kl 19.00

Inngangspengar: Kollekt

Kyrkjelydstur til Helgaton



Dato: 1. - 3. april

Tradisjonen tru vert det kyrkjelydstur til Helgaton i vår. Sett av 1. - 3.april; ta med deg born, besteforeldre, foreldre, kjæreste, vener eller naboen... og kom! Denne helga vert fylt av mykje kjekt sosialt samvær. Du kan rekne med å le, få stå på ski, ete god mat og vere saman med andre. Denne helga er det framleis truleg bra med snø i Myrkdalen, og du får sjølvstekt velje om du vil stå i bakken eller ta med deg langrennsski.

Det er inga øvre eller nedre aldersgrense, alle er hjarteleg velkomen!

Pris: Vaksne	kr 1.590,-
Barn 3-7 år	kr 590,-
Barn 8-14 år	kr 890,-

Påmelding: Innan 13. mars - Sjå lenkje på heimesida: <https://kyrkja.no/fitjar>



Konsert i Fitjar kyrkje

Barytonsongaren Leif Jone Ølberg skal saman med far sin Lars Bernhardt Ølberg på ein liten påskesong-turne, med mellom anna ariar frå Händels Messias.

Leif Jone har i mange år vore opera-oratorie-konsertsongar i Danmark, og gjesta fleire andre land. Seinast i vinter var han med i ein opera i Nairobi.

Vel møtt til ei fin konsertstund i kyrkja!

Måndag 4. april kl 19.00

Inngangspengar kr. 250,-





SØNDAGSSKULE



på Fitjar bedehus kl. 11.00 til Ca kl. 12
 stort sett dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja
Song, lystening, bøn, Bibelforteljing og aktivitetar
 (Frå 2-3 år og oppover til Ca 8. Klasse)

Våren 2022:

06.02 Søndagsskule

13.02 Søndagsskule

20.02 Familiegudsteneste

27.02 Vinterferie, ikkje søndagsskule

06.03 Søndagsskule

13.03 Søndagsskule

20.03 Familiegudsteneste

27.03 Søndagsskule

03.04 Kyrkjelydstur til Helgatun, ikkje søndagsskule

10.04 Palmesøndag, ikkje søndagsskule

17.04 1. påskedag, ikkje søndagsskule

24.04 Familiegudsteneste

01.05 Søndagsskule

08.05 Søndagsskule

15.05 Søndagsskule



Hugs smittevern:

- Hald deg heime om du er sjuk
- God hand- og hostehygiene
- Avstand

Det kan skje endringar i oppsett plan dersom det skjer endringar i koronasituasjonen! Følg oss gjerne på facebook for ferske oppdateringar/påminningar, og gjeldande smitteverntiltak.



ALLE ER VELKOMNE!

Arr.: Fitjar søndagsskule



Temakveldar i Fitjar kyrkje

Dina Willemse er oppvaksten på Fitjar og har dei siste 15 åra budd i Oslo. Ho er teolog og prest, og har ein mastergrad i religionspsykologi. Ho jobbar i Grorud menighet i Oslo, og har bakgrunn frå arbeid ved Kirkelig Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep.

På temakvelden 24/2 vil Dina snakka om «Der livet møter teksten»

Ho vil snakka om gudsbilete og ei tru som stadig utvidar seg. Korleis kan kristen tru gje meining også i dag?

Me gler oss til å treffe Dina og ønskjer alle varmt velkommen!

Torsdag 24. februar kl 19.30

Inngangspengar: kr 100,-



Multikunstnaren Christian Stejskal kjem på temakveld 24. mars.

Temaet er: **Markusevangeliet**


Her vil me få høyra Markusevangeliet fortalt. Christian Stejskal har reist på kryss og tvers i Midt-Austen, han har gått i Jesu fotspor og fotografert det kulturelle landskapet i Israel, Jordan og Egypt på leit etter bibelske motiv. Fotografia vil illustrera teksten.

Stejskal er òg utdanna fiolinist, noko me vil få nytta godt av denne kvelden.

Varmt velkomne!

Torsdag 24. mars kl 19.30

Inngangspengar: kr 200,-



Fitjar Bedehus



MØTEVEKE m/Audun Hjelvik

9. - 13. mars

ons. kl 1900 Kveldsmøte

tor. kl 1900 Kveldsmøte

fre. kl 1800 Kveldsmøte

lau. kl 1800 Laurdagskveld for heile familien

søn. kl 1900 Kveldsmøte

Ulike songkrefter deltek



Arr: Fitjar Indremisjon

III GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



FITJAR
SJØ OG CAMPING

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no



OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13

Fiks frisyren
hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget **53 49 78 90**
For timebestilling ring:



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Faglig tyngde og
godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00

www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



KVERNENES



Sko - Gåver - Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Ledig annonseplass

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI
SHIP DESIGN

www.heimli.com
Havnavegen 90, Fitjar



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døypte:

12.12.

Noah Vik Bratli

09.01.

Melina Vågen Opheim

Jordfeste:

Rasmus Tislavoll

f: 08.08. 1959 – d: 24.12.2021 (bisetjing)

Arne Johan Eriksen

f: 24.01.1940 – d: 02.12.2021 (bisetjing)

Gerd Tufteland

f: 17.02.1963 – d: 15.01.2022



Likar du å syngja i kor?

Kyrkjekoret har plass til fleire, særleg røyster av menn. Har du lyst å vera med, ta kontakt med dirigent Jan Overveg på kyrkjekontoret.



Gudstenester

27.02	11:00	Fastelavnssøndag
06.03	11:00	1. s. i fastetida
13.03	11:00	2. s. i fastetida
20.03	11:00	3. s. i fastetida – familiegudsteneste
27.03	11:00	Maria bodskapsdag
03.04	11:00	4. s. i fastetida
10.04	11:00	Palmesøndag
14.04	11:00	Skjærtorsdag
15.04	11:00	Langfredag
17.04	11:00	Påskedag
18.04	12:00	2. påskedag (Dåfjorden slipp)
24.04	11:00	2. s. i påsketida «Barnas påskefest» - familiegudsteneste
01.05	11:00	3. s. i påsketida



Frå ungdomsgudstenesta 2. juledag
Forsongarar: Tobias Vestbøstad og Torbjørn Eiken

Foto: Randi Lønning Matre